

Korleis forstå skatteseddelen steg for steg

Det viktigaste punktet på skatteseddelen finn du til slutt i **Detaljert grunnlag takst og skatt**. Taksten er skattetaksten på eigedomen din. Denne skal vere nokolunde lik det du reknar med å kunne selje, eller kjøpe, eigedomen for på den opne marknaden.

EIGARREPRESENTANT

OPPLYSNINGAR - AVTALE

Den som står oppført som eigarrepresentant for eigedomen, adresse, eigarforhold, type eigedom, tal bueiningar og om eigedomen har fått fritak etter eigedomsskattelova. Om det er fleire som eig eigedomen, har kommunen valt ein av eigarane som eigarrepresentant. Skattesedel og faktura vert då send til eigarrepresentanten.

OPPLYSNINGAR - TOMT INKL. TILLEGGSPARSELLAR OG FELLESAREAL

Her finn du informasjon om tomta. **Areal** viser storleiken på tomta. Eventuelt finn du tomteareal det vert rekna eigedomsskatt for under **Korreksjonar**.

OPPLYSNINGAR - BYGG

For kvart bygg står det bygningstype, bygningsnummer og dato bygninga er registrert som teken i bruk.

Bruksareal er grovt sett bygningsarealet innanfor yttervegg i ein bygning. For etasjar med skrå himling er det spesielle måleregler (NS 3940). Etasjane i bygget står under kvart bygg. **Areal bolig** og **Areal annet** viser totalt bruksareal i etasjen.

Etg. fakt. viser etasjefaktor. Etasjefaktorane finn du i retningslinene for synfaring og taksering som ligg på www.stryn.kommune.no **Areal alt.** viser alternativt bruksareal i etasjen, for eks garasje, bodar eller vinterhagar.

Alt. 2 kan vere carport eller takoverbygg. **Areal alt.** inngår i areal bustad eller areal anna. **Alt. 2** inngår ikkje.

Avg. Areal viser kor mykje bruksareal i etasjen som er grunnlag for eigedomsskatt. **Sum avgiftsareal** viser kor mykje bruksareal i heile bygninga som er grunnlag for eigedomsskatt. Sjå punkt nede på denne sida for seksjonerte eigedomar.

OPPLYSNINGAR - VERDIBEREKNING

Pris viser sjablongverdi for kvar enkelt bygning og tomt. Sjablongverdi er ein fast pris per kvm areal for den enkelte type bygning og tomt. Det er ulik pris per kvadratmeter i høve til kva slags type bygg det er. Verdiberekninga viser taksten før korreksjon og vurdering (for eks. standard på bygningar, kvar den ligg og opparbeiding av tomt).

OPPLYSNINGAR - KORREKSJONSPROTOKOLL

Endringar som er gjort i høve til sjablongverdien (verdiutrekning). Eit døme kan vere dersom tomta er større enn arealet som skal takserast i samsvar med antal bueiningar, eller om det er garasje i ein einebustad. Ein garasje i ein einebustad skal ha lågare sjablongverdi enn resten av einebustaden, og det må derfor korrigerast for dette.

OPPLYSNINGAR - EIGEDOMSSKATT

Sum sjablongtakst er lik verdiberekning før korreksjon og vurdering. **Sum sjablongtakst** gangast med **sonefaktor**, **vurderingsfaktor Indre** og **vurderingsfaktor Ytre** for å kome fram til **skattetakstnemndas vedtak om takst**.

Sonefaktor seier noko om kvar eigedommen ligg. Eigedomar i sentrum vil ha ein høgare sonfaktor enn eigedomar som ligg langt unna sentrum.

Vurderingsfaktor Indre tek omsyn til alder, standard og kvalitet, og om bygningsmassen har straum-/vassforsyning.

Vurderingsfaktor Ytre seier noko om spesielle tilhøve rundt eigedommen, som for eks. gangavstand frå køyrbar sommarveg, farlege avkøyringar eller om det er sjøtomt. **Grunnlaget for skatteutrekninga er skattetakstnemndas vedtak om takst. Det er viktig at du kontrollerer at dette stemmer.** Taksten skal ikkje overstige omsetningsverdien til eigedomen ved fritt sal.

SPEIELT FOR SEKSJONERTE EIGEDOMAR

For seksjonerte eigedomar blir kvar seksjon taksert som eige skatteobjekt. Seksjonerte eigedommar blir taksert ut frå det bruksarealet dei disponerer. Takst på fellesareal og tomt vert fordelt i samsvar med tinglyst eigarbrøk.

På skatteseddelen vil verdiberekningar for bygg og tomt framkome som ein sum på **Korreksjonar**, då verdiane er berekna og fordelt på seksjonane i eit regneark, ut frå tinglyste seksjoneringsteikningar.